

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 17/1893-1

Malverktøy for arbeidsmiljøkartlegging med risikovurdering

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet ber Frm-personal legge ny mal for arbeidsmiljøkartlegging med risikovurdering tilgjengeleg for einingane.
- 2) Einingar som treng rettleiing på bruk av verktøyet kan bestille dette frå Frm-personal.

Vedlegg:

- ✓ Prosedyre for HMT-kartlegging

Uprenta vedlegg:

- ✓ Risikovurdering med handlingsplan (revidert 8.12.2016)
- ✓ Kartlegging etter vernerunde – inneklima
- ✓ Kartlegging etter vernerunde – kjemikalier
- ✓ Prosedyre – vernerunde
- ✓ Vernerundeskjema –generell sjekklister
- ✓ Grovkartlegging

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I samarbeid mellom Frm-personal og bedriftshelstenesta Stamina Helse har vi fått utvikla nye verktøy for arbeidsmiljøkartlegging med risikovurdering. Stamina har gått gjennom alle våre malverktøy og utarbeidd framlegg til nye. Vi ønskjer no å legge desse tilgjengeleg på intranettet (Portalen) for alle fylkeskommunale einingar.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde eiga maldokument for oppbygging av internkontrollsystem allereie i 1993. Denne vart kalla "IK-håndbok". I kjølevatnet av utarbeiding av det første malverktøyet for internkontroll/systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid.

I år 2001 vart det gjort ei omfattande revidering av malverktøyet tilpassa ny internkontrollforskrift. Det vart parallelt utvikla ei nettsida på intranettet til fylkeskommunen. I 2006 fekk vi ny arbeidsmiljølov og sidan ei revidering og samordning av forskriftene som regulerer fagfeltet. Det er difor naudsynt å revidere vår mal for dokumentasjon.

Våre malar for arbeidsmiljøkartlegging og prosedyrar på feltet har stort sett lege uforandra sidan 1993. Ved revisjonen i 2001 var desse oppjusterte og reviderte i samsvar med tidens krav og aktuelle lover og føreseger. Malen for oppbygging av internkontrollhandboka vart også revidert med hjelp frå leverandøren av bedriftshelseteneste i 2013, jf HSU sak 20/13.

I åra etter 2013 har tilsynsmyndigheiter stadig sett strekar krav til risikovurdering som grunnleggande verktøy for dimensjonering av tiltak for arbeidsmiljøutvikling. Vi utarbeidde då grunnverktøy for risikovurdering og tilbydde opplæring til einingane. Vidare vart denne opplæring ein del av 40-timarskurset, grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap.

No er tida moden for enda ei revidering. Stamina utarbeidde framlegg til nye verktøy for oss. Desse er også utprøvd på nokre einingar. Etterspurnaden har vore stor.

Fylkeskommunen har alltid lagt slike verktøy ut som malar og med det opna opp for lokale tilpasningar. Det betyr også at lokale variantar av malane har fått utvikle seg og vorte moderniserte i takt med tidens krav. Slik vil ulike einingar får skreddarsydde verktøy for sine særlege og ulike arbeidsmiljøutfordringar.

3. Oppbygging

Malane er i tekstformat (Word) og reknearkformat (Excel). Reknearka har faneinndeling med opptil 8 ulike faner der det i malen ligg inne dømer for ein tannklinikk og døme for ein skule. Første fane i verktøyet gir rettleiing til skjemaet for risikovurdering.

Klinikk xx									
Dato: xx		Tidsperiode: +/- 5 år			Kriterium: Grovanalyse				
Bakgrunn/føremål:									
Metode: Avdelingsmøte med felles gjennomgang og innspel frå alle tilsette									
Føresetnader: Det er teke omsyn til effekten av eksisterande risikoreducerande tiltak									
Deltakarar: leiar, verneombud og representant frå bedriftshelsetenesta									
Nr	Risikofaktorar	Utløysande årsak	Eksisterande risikoreducerande tiltak	Historie	Skildring av konsekvens	K	S	Risiko	Føreslegne nye tiltak
	<i>Forhold som kan føre til uønskte konsekvensar, sjå faner for kartlegging</i>	<i>Ei uønskt hending kan ha fleire årsaker. Her skildrar ein kva som er moglege årsaker til at den uønskte hendinga kan oppstå.</i>	<i>Kva helseskadar/ sjukdommar/plager kan den uønskte hendinga gi? Tiltak som allereie er sett i verk for å redusere risikoen</i>	<i>Har det tidlegare vore avvik/ helseplager/sjukdommar/ skader/fråvær/oppsøkingar på grunn av dette?</i>	<i>Kva helseskader/sjukdommar/plager kan den uønskte hendinga gi?</i>			5 x K	<i>Noter forslag undervegs. Overfør ev til handlingsplan</i>
	Strålefare	Utløse røntgen når personalet er på stedet	Har digital røntgen, går ut av rommet	Aldri vore hendelsar	kan bli utsatt for liten dose røntgen	2	1	2	
	Kuttskader	Bruker skalpell	Engogsnutstyr som har hylse, sjelden brukt,		mindre kuttskade i fingrar	1	1	1	
	Kjemikalier	hudkontakt, innånding, augekontakt	god og tilstrekkeleg ventilasjon, spesialflasker til produkt nytta til rotfylling, vannkjøling, lupebriller, unngå direkte kontakt med kompositt.		sprut på auge, forbigående skade	1	2	2	
	Sprøytestikk	påsetting av hylse,	forsiktig bruk		Ikkje synleg blod på sprøytespiss men kan ikkje utelukke at det kan innehalde smittestoff	3	1	3	
	Truande personar	Personar som reagerer motsatt på premedisinering (beroligande), psykisk sjuke pasientar	Kjenner pasient, kjenner sjukdomshistorien		Verbale, mindre fysiske skader	2	2	4	
	Stress	fulle timebøker	Gjennomgang av organisering		Kortvarig stressplager			0	

Vedlagt til saka finn du prosedyre for HMT-kartlegging. Resten av verktøya ligg som uprenta vedlegg. Vi vurderer det slik for at saka skal vere utan skjerming og vere open. I møtet kan vi desse vedlegga visast. Alternativt at Stamina viser det ved neste høve.

4. Konklusjon

Ny mal vert presentert som nyhende og lagt ut på Portalen etter vedtak i hovudsamarbeidsutvalet.